

KONGEN (D1): (dansk/ riksmål)

Vi hilser Dem, Synnøve Ottedatter. Det er en lang og imponerende reise De har lagt ut på. Det må være viktige og alvorlige ting De har på hjertet. De har vår oppmerksomhet, værsgod!

SYNNØVE (FORSVARSTALEN)

Opnar forsiktig, famlande

Høge Majestetar!

Det er slik at eg... eg er ikkje lærd, eg kan ikkje lese og skrive, og eg kan ingenting om alt det som er her, hos dere - (*gradvis sikrare*) men eg veit kva som er rett, og kva som er galt, og eg kan ikkje sitje uverksam når småskorne tingmenn har dømt far min! Småskorne og mistruiske er dei menn som har dømt far min frå gods og liv!

(engasjert)

Min far Otte Halldorsen Leivdal er ikkje kven som helst, frå kor som helst. Han er fremste tiltaksmann på den vakraste staden Gud har skapt vestpå; vi har grønne bakkar og kvitklede fjell, fossar og elvar og fjordar, vi har skogar og frodige grasenger for krøtter og arbeidssame folk. Min far driv stort med tømmer, har eigne sagbruk, skipar trelast til Bergen på eigne jekter, ryddar nytt land for å få ein stor gard enda større, set folk i arbeid - og han er ein av dei ganske få som futen ikkje har noko som helst problem med! Og eg ... eg er **Ottes** dotter! Ein kan bli majestetisk av mindre! (*dempa*) Orsaking.

Eg skal seie kva som hende: Far min hadde avtalt med Ole Rasmussen at han skulle gjerde inn eit nytt sagbruk som far har bygd ved elva, for å hindre at dyra tek seg inn på området. Ole trong pengane, så far gav han diverre forskot. Så møttast dei på Tinget og far spurde kvifor arbeidet etter så lang tid ikkje var gjort. Då rauk dei opp til strid, Ole gjekk i bakken, og diverre døydde han av skadane. Men det var ærleg strid! Trur verkeleg nokon at far min tek livet av ein som står i skuld til han? Då kjenner dei ikkje far min! Far har sagt seg lei for at det vart slik, han har ordna opp for seg og er no forlikt med Oles ætt.

Tingmennene var temmeleg raskt ute med å dømme far. Eg trur nok Kongen kjenner til at når misunning og agg styrer maktmenn så går det galt. Anken i Overhoffretten stadfestar domen. Men dei skal også ha skrive ... det har presten vår sagt: «... **saa uti befrie ham**»! Kva i all verda tyder det? Dei får iallfall tale så vanlege folk forstår! Vi er heiderlege arbeidsfolk med godt vett og vyar for framtida. Vi krev berre arbeidsro og rettferd vi kan leve med, ikkje døy av! (*dempa*) Det er alt.

(impulsivt, lågmælt)

Og så må eg få seie at det gler meg å sjå at frua ventar småtroll - orsak utsegnet, men vi seier så heime ... Så no skal nok vesleprinsen* få seg ein leikekamerat ... Eldste mi, ho Dorthe, er stor jente no, ho er reserve for meg medan eg er her ... Kanskje dykk Majestetar kan hjelpe meg å kome ut av dette uverkelege. For no må eg kome meg heim ... små barn skal ikkje vere lengje utan mor si. Eg ber berre om å få med meg godt nytt ... ingen andre enn dykk, Høge Majestetar, kan gje meg det ...

Synnøve blir ståande stolt og letta, men ikkje hovmodig.

* Prins Carl født 26.10.1680, ni år yngre bror av kong Fredrik IV. Segnet fortel at dronning Charlotte var gravid igjen då Synnøve var der.